

INFORMASJON TIL FORELDRE

# ALLE BARN SKAL BLI TRYGGE I VATN



Symjeopplæring i barnehagen er eit nasjonalt satsingsområde for å kunne redusere talet på drukningsulukker. På vegne av alle barnehagane i Sykkylven søker kommunen kvart år om tilskot for at førskulebarna skal få opplæring i basseng med godkjende instruktørar frå symjeklubben. Målet er å gjere barna trygge i vatn.

Dette er eit tilbod som tek i vare alle barna, uansett kva nivå og ferdigheiter dei har. Enkelte barn fryktar kanskje å få vatn i ansiktet og er redd for å stå i dusjen. Andre barn har allereie lært å ta sine første symjetak. Gjennom strukturert leik og moro skal alle få ei opplæring tilpassa sine føresetnadar (lage bobler, gå, hoppe, dykke etc.). Opplæringa vil skje i barnehagen si ordinære opningstid, og øktene i bassenget vil vere på om lag 40 minutt (seks gongar).

Tryggleiken står i sentrum. SIL Symjning har hovudansvaret og stiller med dyktige folk som alle har godkjende instruktørkurs og livredningsprøver. I tillegg deltek personale frå barnehagane, både i bassenget og som vakter på land. Barn med særskilte behov får ekstra tilsyn. Det vert dessutan kravd politiattest frå alle som skal opphalde seg ilag med barna. At førskulebarna får tilvenning i vatn med svært god bemanning er ei viktig førebuing til det som skal skje i 1. klasse, der det er langt færre vaksne per elev i bassenget.

Sykkylven har hatt dette tilbodet sidan barnehageåret 2016/2017. Erfaringane til no er svært positive, med gode tilbakemeldingar både frå foreldre, personale og symjeklubben. Og ikkje minst frå barna sjølve. Alle har opplevd stor framgang og lagt eit godt grunnlag for framtidige symjeferdigheiter. Vi håper difor at alle foreldre/føresette gir samtykke til deltaking i symjeopplæringa. Dessutan vert alle foreldre (eventuelt besteforeldre) oppmoda om å ta med barna på familiebadning for å støtte oppunder tilvenninga.

*«I fjor høst gråt fire barn allerede i dusjen. Få måneder senere var de mer under vann enn over vann i bassenget!» (barnehagestyrer i Bodø).*

For meir informasjon kan du logge deg inn på fylgjande nettsider:

- [www.silsymjing.no](http://www.silsymjing.no)
- [www.tryggivann.no](http://www.tryggivann.no)
- [www.sykkylvenkulturhus.no](http://www.sykkylvenkulturhus.no) (vidare link til Sykkylven symjehall under «Meny»)
- [www.velledalen-symjehall.net](http://www.velledalen-symjehall.net)
- [www.ekornesmarina.com/friluftsbad](http://www.ekornesmarina.com/friluftsbad)

Med helsing ..... (underskrift styrar)

## SAMTYKKE-ERKLÆRING

Namnet på barnet: .....

JA, eg samtykker i at barnet får delta på symjeopplæring/tilvenjing i vatn

NEI, eg samtykker ikkje i at barnet får delta på symjeopplæring/tilvenjing i vatn

(Set kryss der du ønskjer)

Underskrift frå foreldre/føresette: .....

.....

Dato: .....